Ansvarselevar:
Sol: Karianna & Einar
Måne: Hedda & Olav

VEKEPLAN 6.trinn Veke: 48

Dato: 23. – 27. november



Kontaktlærarar	Timelærarar	Timelærarar	Fagarbeidarar
Beate Røys	Anne Iversen	Ida Johanne Haldorsen	Gunn Anita Tøkje Karlsen
Gro Lisbeth Magnussen	Inger Alise Økland	Inga Znamenskaja	Nina Basyuk
	Ida Gevoll	Margrete Hille	Bente Horgen
	Tomas Reikvam	Kjersti Aasen Storebø	
Skulen si heimeside: www.minskule.no/storebo			

Info til heimen:
Vi øver til julespel som vi skal ha måndag 7.desember.
Julehjerte: https://www.youtube.com/watch?v=hxBAMN25ZEE
Rockin' Around the Christmas Tree: https://www.youtube.com/watch?v=1qYz7rfgLWE&t=20s

Vi har jobba mykje med språkbruk dei siste 4 vekene og vi ser ei betring på trinnet. Vi vil framleis jobbe med språkbruk, men hovudfokuset vårt i vekene fram mot jul, vert å kome kjapt på plass i brannkø når det ringer inn. I haust har det tatt for lang tid. Spør gjerne om dette heime og forvent at eleven kjem til time med ein gong det ringer inn.
Gym: Elevane skal ha gym i to grupper - Måne (torsdag) og Sol (fredag). Gymsalen er stengt, så det vert utegym. Det vert byting til symjing i veke 49.
Uteskule: Vi går til Åsen og skal ha gruppearbeid.
Mat & Helse: Denne veka lagar vi Thailandsk fiskegryte og sitrussalat!

Vekemål	
Norsk	Eg kan skrive ei grøssarnovelle.
Matematikk	Eg kan doble og halvere tal, og vise korleis eg kjem fram til svaret.
Engelsk	Eg veit nokre kjenneteikn i journalar, blogg og dagbøker og kan skrive setningar med DID.
Passport/KRLE	Eg veit at det er mogleg å ha fleire kjensler på ein gong.
Naturfag	Eg kan måle og registrere eit resultat.
Samfunnsfag	Eg lager presentasjonar i powerpoint om verdsdelane
Sosialt	Eg er kjapp på plass i brannkø og står i ro på min plass.

Gloser step 1	Gloser step 2
Excuses – Unnskyldningar **Ink – blekk** **Accidentally – ved eit uhell**	**Excuses – Unnskyldningar** **Ink – blekk** **Accidentally – ved eit uhell** **Trough – gjennom** **Caught on fire – tok fyr** **Hostage – gissel**

Lekser	
Til tysdag	**Leselekse:** Øv godt på julesongane «Julehjerte» og «Rockin' Around the Christmas Tree» på eige ark i leksemappa. Sjå lenker på vekeplanen på heimesida til skulen. **Uteskule:** Kle deg godt med gode uteklede og tursko. Hugs drikkeflaske med vatn i sekken din.
Til onsdag	**Engelsk Step 1:** Les side 69 i tekstbok. Lær glosene til onsdag. **Engelsk Step 2:** Les side 69 og 70 i tekstbok. Lær glosene til onsdag. **Matte:** Skriv reknestykka på vekeplanen så fint du kan i innføringsboka di. Hugs eitt tal i kvar rute. Bruk korrekt oppstilling, linjal og to strekar under svaret.
Til torsdag	**Leselekse:** Øv godt på julesongane «Julehjerte» og «Rockin' Around the Christmas Tree» på eige ark i leksemappa. Sjå lenker på vekeplanen på heimesida til skulen. **Innføringslekse norsk:** Skriv setningane på vekeplanen så fint du kan i finskriftsboka di. Hugs stor bokstav og punktum. Plasser bokstavane rett i bokstavhuset. Steg 2 skriv alle ti setningane. **Måne:** Utegym. Elevane må kle seg etter veret.
Til fredag	**Norsk:** Øv på diktatorda i finskriftleksa. Dei er markert med tjukk skrift. **Sol:** Utegym. Elevane må kle seg etter veret.

Innføringslekse i matematikk:

Steg 1		Steg 2	
Dobling	**Halvering**	**Dobling**	**Halvering**
24	Del på 2:	1 275	Del på 2:
135	48	3 648	2 458
408	170	12 509	7 836
	600		25 714

Vekas grublis(ekstra)
Grublis – Hemmelege tal
Eg doblar eit tal og legg til 18. Då får eg 74.
Kva tal starta eg med? Vis korleis du fann svaret.



Innføringslekse i norsk – skj/sj/kj-lyden

Steg 1	**Steg 2** (skriv også steg 1)
1. Ho åt ein sprø **kjeks**. 2. Han har ei blå **skjorte**. 3. Vi bur nær **sjøen**. 4. Eg et **sjokolade** kvar laurdag. 5. Ho kjøpte ein ny **kjole**. 6. Vi skal på **kino** i helga.	7. Han tok ein varm **dusj**. 8. Eg fann eit **skjel** på stranda. 9. Ho har eit raudt **skjerf**. 10. Vi åt **kylling** til middag.